

Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/TG5 – Ca- og Mg-salt og CO₂ til handsaming av drikkevatt

Av Karl-Jan Erstad, Rådgivande Agronomar AS

Introduksjon

Schaefer Kalk GmbH i Hahnstätten i Limburg ved Frankfurt am Main var 25. oktober vertskap for det 33. møtet i oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO₂) under Arbeidsgruppe 9.

Leiaren, Dipl.-Ing. Hans-Günter Brendl tilhører også dette kalkfirmaet. Det møtte 8 ekspertar, og desse representerte som tidlegare Tyskland, Storbritannia, Sveits, Belgia/Frankrike og Noreg. Underteikna møtte for Noreg.

Hovudarbeidet låg på revisjon av standardane for kalsiumkarbonat og karbondioksid, med ein del tekniske forbetringar. Vidare vart det lagt plan for dei automatiske 5-årsrevisjonane under CEN-systemet på dette fagområdet.

Statusliste over standardar under TG5

Ei oppdatert referanseliste vart sett opp for status per dato, og oversyn over komande revisjonar nærmaste åra, som vist i tabellen under. Dei første større revisjonsarbeida kjem altså med kalsinert kalk (brent kalk og leska kalk / kalkmjølk) i 2020 og med testmetodane i 2023.

Revisjon av EN 936 Karbondioksid

Det tyske gassforbundet IGA (Industrial Gas Association) har kome med innspel til revidert standard, og desse endringane gjekk TG5 igjennom på dette møtet. Ved oppmoding til WG9-

Nummer	Tittel	Tidspunkt for første publikasjon	Tidspunkt for publikasjon gyldig versjon	Årstal for neste revisjon
EN 936	Karbondioksid	1997	2013-12	2018
EN 1017 & EN 1017 A1 – og arbeidstema for forbetring	Halvbrent dolomitt	1998-05	2014-07	2020
EN 1018 EN 1018 A1	Kalsiumkarbonat	1998-05	2013-05 2014-07	2018
EN 12518	Kalsinert kalk	2000-05	2014-07	2020
EN 16003	Kalsiummagnesium-karbonat	2011-11	2011-11	2017
EN 16004	Magnesiumoksid	2011-11	2011-11	2017
EN 16409	Brent dolomitt	2013-12	2013-12	2018
EN 12485	Testmetodar kalk	2001-04	2017-10	2023

sekretariatet hos AFNOR i Paris om tildeling av WI-nummer (ordinært arbeidsnummer) kom det samtidig tilbake med ei rad nye krav til standardar under revisjon:

I Føreordet skal det inn ei rekke forklaringar om og rettferdiggjering av endringane, prosjektleiar, evt. verknader for analysemetodikk, og effektar for samfunn og interessentar (*'stakeholders'*).

Dette må overlatast til det tyske IGA, som har gjort modifikasjonane, og forhåpentleg kan dette vere klart på 3-4 veker.

Lukt og smak i tab. 1 (sideprodukt som kan førekome i karbondioksid frå industrielle prosessar, og er gitt akseptgrenser) har kome med som nye, subjektive parametarar (organoleptiske faktorar). Desse parametranne må gjerne pådømmast gjennom panel av spesialistar, men lét seg vanskeleg identifisere gjennom kjemiske analysemetodar som gasskromatografi.

Revisjon av EN 1018 Kalsiumkarbonat

Målet med den mindre revisjonen, etter norsk forslag om å seinke total karbonat i prosent 99→98 i klasse 1 og 95→94 i klasse 2 for porøs kalsiumkarbonat, er å bringe porøs kalsiumkarbonat på line som Jurakalk og marin kalkstein (skjelsand og korallsand) på line med ikkje-porøs kalsiumkarbonat. Dette er gitt i tab. 1 i standarden. Tilsvarende modifikasjon vil kome inn i tab. 2 for syreuløyselig rest, med ein auke på 1%-eining i dei to nemnde klassene for porøs kalsiumkarbonat.

Igjen kom dei nye krava opp ved revisjon som nemnd for EN 936 i kap. 6. Vedrørende analysemetodikk var det påpeikt mulege presi-

sjonsproblem i tilfelle Mg-innhald *kan* verte halvert for klasse 1 for porøs kalsiumkarbonat, men det var ikkje noko stort problem. I tilfelle kan det seinare forbeistrast ved å endre eller supplere metode, som så må innarbeidast i EN 12485.

Prosjektleiar er Dr. Karl-Jan Erstad (N), og kommentarane går via sekretæren i TG5 til AFNOR.

Revisjon av EN 1017 Halvbrent dolomitt

Den tyske kalkindustrien har trekt ønsket om revidering i 2018 med auka innhald av MgO (tilført utanfrå), i tillegg til prosessen med delvis kalsinering av rådolomitt til halvbrent vare, og følgjeleg redusert minimumsnivå for CaCO₃ ved ei slik innblanding. Ved nærmare undersøkingar er det konstatert at dette vil verte eit *blandingsprodukt av ulike kjemikalie*, og det er i strid med CEN-regelverket. Vi skal berre standardisere enkeltkjemikalie. Derimot i *produkt-datablad* for blandingsvarer kan enkeltkomponentane tilvisast standard og kjemiske identifikasjonar som CAS- og EINECS-nummer.

EN 1017 – og også EN 1018 – skal få fjerna dei eksisterande forbeistringsdokumenta A1 som følger standardane over år, og verte gitt ut på nytt som konsoliderte standardar – alt i eitt dokument for kvar av dei 2 standardane.

Dato og stad for neste TG5-møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart fastsett til tysdag 1. oktober 2019 hos Lhoist AG i Wülfrath, avhengig av WG9-arbeidet og vedtak på denne overordna arbeidsgruppa sitt neste møte i Milano 10. april 2019.